



## BARNEOMBODET

Justis- og beredskapsdepartementet,  
lovavdelingen  
Postboks 8005 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref:	Vår ref:	Saksbeh:	Arkivkode:	Dato:
	12/00745-2	Berit Landmark	008;O;KFM	31.5.2012

### Høyring - EU-kommisjonen sitt forslag til nye personvernreglar

#### 1. Innleiing

Barneombudet viser til høyringsbrevet frå departementet av 19. april 2012, og ynskjer med dette å gje innspel til høyringa.

I fylgje lov og instruks skal Barneombudet arbeide for at barn sine behov, rettar og interesser blir tatt tilbørleg omsyn til på alle samfunnsområde. Ombudet skal særleg fylgje med på at lovgjevnaden til vern om barn sine interesser blir fylgde, og at norsk rett samsvarar med dei forpliktingane Noreg har etter FN sin konvensjon om barnet sine rettar.

Vi velgjer her å uttale oss berre om utvalde delar av kommisjonen sitt forslag, og vi konsentrerer oss først og fremst om dei artiklane der barn er nemnde spesielt. Samtidig ser vi at barn sine rettar også står sentralt i andre artiklar, om enn ikkje eksplisitt. Når vi uttalar oss om andre artiklar i forslaget, er det med tanke på barneperspektivet. Vi går i liten grad inn i detaljane i forslaget, og vi har først og fremst danna oss nokre overordna oppfatningar. Det generelle inntrykket vi har av forslaget er at det tar omsyn til at barn behøver særskilt vern. Dersom heile forslaget er definert til å gje eit sterkt vern for privatpersonar, vil sjølv sagt dette også gjelde barn, og vil komme barn til gode.

I tillegg til at vi tar utgangspunkt i materialet knytt til kommisjonen sitt forslag, er fleire av synspunkta våre henta frå og inspirert av NOU 2009:1 «Individ og integritet» (kapittel 14, s 128-148, «Personvern for barn og unge»). I denne NOUen blir det mellom anna poengtert at

*«...det må rettes særleg oppmerksomhet mot barn og unges bruk av det nye media (internett, vår merknad), både fordi de ofte er i forkant når det gjelder bruk av ny teknologi, og fordi de ofte ikke har tilstrekkelig erfaring og kunnskap til å se konsekvensene av å offentliggjøre informasjon om seg selv og andre.» (s.129).*

Utgreiinga handlar ikkje om nøyaktig dei same problemstillingane som denne høyringa, men synspunkta er moglege å overføre, og dessutan samanfallande på eit overordna nivå.

Vi meiner at desse artiklane i Barnekonvensjonen er særleg viktige i denne høringsfråsegna, og vi strukturerar innspelet vårt ut frå desse artiklane:

- Artikkel 3 nr 1 om det beste for barnet
- Artikkel 16 om barnet sin rett til personvern
- Artikkel 12 om barnet sin rett til å uttale seg og om barn sin rett til å bli høyr

## **2. Artikkel 3 nr 1, om det beste for barnet**

*Ved alle handlingar som vedrører barn, anten dei blir gjort av offentlege eller private velferdsorganisasjonar, domstolar, administrative styresmakter eller lovgjevande organ, skal kva som er til det beste for barnet vere eit grunnleggjande omsyn.*

Det beste for barnet skal alltid takast med i vurderingar som har med barnet å gjere. Artikkel 3 er eit av fire grunnleggjande prinsipp i barnekonvensjonen, og det er også eit sentralt tolkingsprinsipp når ein brukar andre artiklar i konvensjonen. Ved vurderinga av det beste for barnet må ein ta omsyn til mange moment. Vurderingsmomenta strekkjer seg frå dei heilt generelle til dei konkrete og spesifikke. Det er til det beste for barn at ein tar omsyn til mogningsnivået deira, til kva moglegheit dei har til å forstå innhald og kontekst, og kva behov dei har for vern. Det er vidare til det beste for barnet at dei får høve til å utfalde seg i trygge, omsorgsfulle og stimulerande omgjevnader, og at eigenverdien og subjektiviteten deira blir tatt vare på. Barn gjennomgår store utviklingspsykologiske prosessar i løpet av ein relativt kort tidsperiode. Dette må ein ta omsyn til i all lovgjevnad og alle vedtak som vedkjem barn.

Barn er i større grad enn vaksne avhengige av vern frå andre, og dei er i den samanhengen avhengige av eit sikkert personvernssystem. Barn har behov for eit personvernssystem som i størst mogleg grad tar hand om utfordringane den store informasjonsflyten i samfunnet byr på. Systemet må vere tydeleg, lettfatteleg, trygt og omsynsfullt organisert. Dette er til det beste for barn, både direkte der dei kan setje seg inn i systemet sjølv etter kvar som dei modnast, og indirekte der vaksne omsorgspersonar kan ivareta barn på ein enklare måte, viss dei sjølv har forstått kva reglementet handlar om. Det må vere så enkelt som mogleg for privatpersonar å orientere seg om rettar, moglegheiter og avgrensingar som finst for dei. Der det ikkje viser seg å vere enkelt for privatpersonar å finne ut av systemet sjølv, må dei ha tilgang på ei rask og klargjerande rettleiing.

## **3. Artikkel 16 om barn sin rett til personvern**

- 1. Ingen barn skal utsettes for vilkårlig eller ulovlig innblanding i sitt privatliv, sin familie, sitt hjem eller sin korrespondanse, eller for ulovlige angrep mot sin ære eller sitt omdømme.*
- 2. Barnet har rett til lovens beskyttelse mot slik innblanding eller slike angrep.*

Artikkelen gir vern mot inngrep i familieliv og privatliv i vid forstand. Vern av barn sine personopplysningar blir rekna inn under omgrepet «privatliv».

Barn er som nemnt avhengige av vern frå andre. Barn er tidleg ute med å ta i bruk internett, samtidig som at dei i mindre grad enn vaksne er i stand til å kunne føreseie uheldige konsekvensar ved bruk av internett. Derfor er Barneombudet glad for at kommisjonen legg opp til eit personvernssystem som sikrar viktige rettar for barn.

Som eit eksempel på ein artikkel som framhevar barn sine behov for vern, er artikkel 17 om retten til å bli gløymt. Kommisjonen kommenterar denne i fortalen til forordninga, punkt 53:

*«This right is particularly relevant, when the data subject has given their consent as a child, when not being fully aware of the risks involved by the processing, and later wants to remove such personal data especially on the Internet.»*

Barneombodet er glad for at born sine rettar og behov blir framheva på denne måten.

Retten til dataportabilitet, slik den blir uttrykt i artikkel 18 i forslaget, tar i vare eit sentralt element i samband med barn sin rett til personvern. Det å ha rett til tilgang på opplysningar om ein sjølv, og rett til å overføre opplysningar om ein sjølv til andre, understrekar at ein sjølv er eigar og forvaltar av desse opplysningane.

#### **4. Artikkel 12 om barnet sin rett til å uttale seg og barnet sin rett til å bli høyr**

- 1. Partene skal garantere et barn som er i stand til å danne seg egne synspunkter, retten til fritt å gi uttrykk for disse synspunktene i alle forhold som vedrører barnet, og tillegge barnets synspunkter behørig vekt i samsvar med dets alder og modenhet.*
- 2. For dette formål skal barnet særlig gis anledning til å bli hørt i enhver rettslig og administrativ saksbehandling som angår barnet, enten direkte eller gjennom en representant eller et egnet organ, på en måte som er i samsvar med saksbehandlingsreglene i nasjonal rett.*

Barneombodet set pris på at kommisjonen presiserer i artikkel 11 at informasjon knytt til handsaming av personopplysningar må formulerast klart, enkelt og tydeleg, og at dette særleg gjeld i kommunikasjon med barn - og informasjon til barn.

Sjølv om det i mange tilfelle vil vere vaksne som handterer denne kommunikasjonen og informasjonen på vegne av barn, er det sær viktig at formuleringane er slik at det blir mogleg for barn å setje seg inn i informasjonen så tidleg som mogleg. Også for dei vaksne som skal forklare ting for barn er det viktig at informasjonen i utgangspunktet er formulert på ein tydeleg og klar måte.

Slik Barneombodet forstår artikkel 8 i forslaget, ynskjer kommisjonen at foreldre eller verjer skal samtykke til handsaminga av personopplysningar i saker som handlar om barn under 13 år. Dette kan blant anna sjåast på som eit spørsmål om når barnet blir vurdert til å ha samtykkekompetanse. Vi meiner at ein kan vurdere kor mogent barnet er, og kor stor forståing det har på eit tidlegare tidspunkt enn 13 år, og at dette igjen kan føre til ei vurdering av samtykkekompetansen til barnet. Vi meiner at det ikkje er hensiktsmessig at barn går direkte frå ikkje å ha samtykkekompetanse til å ha samtykkekompetanse, utan ei form for gradvis opptrapping eller utvikling.

I denne samanhengen meiner Barneombodet at det kan vere naturleg å bruke ei lågare aldersgrense for når ein skal vurdere om barnet kan ha samtykkekompetanse i eit konkret tilfelle. I norsk rett brukar ein i mange tilfelle 12 år som aldersgrense når det er snakk om barnet sin rett til å uttale seg om saker som handlar om dei. Helseregisterlova § 5 slår fast at barn kan ha samtykkekompetanse ved 12 år ved handsaminga av helseopplysningar. Etter barnelova § 41 skal barn som har fylt 7 år få høve til å seie meininga si før ein tar avgjerder om personlege høve for barnet, og når barnet er fylt 12 år skal det leggest stor vekt på kva barnet meiner. I adopsjonslova § 6 går det fram at barn over 12 år skal gje samtykke til adopsjon, og barn over 7 år skal få høve til å uttale seg. Barneombudet meiner at dette talar

for ei gradvis utvikling av barn sin samtykkekompetanse. I denne samanhengen vil vi også vise til Barnekomitéen sin Generelle kommentar nr. 12. Her oppfordrar komiteen til at ein er forsiktig med bruk av aldersgrenser i det heile. Samtidig blir det påpeika at utøvinga av barnet sin rett til å uttale seg må vegast opp mot barnet sin rett til vern.

I artikkel 14 i forslaget framhevar ein privatpersonar sin rett til å få informasjon om handsaminga av opplysningar om personen sjølv. Å få informasjon er ein sentral del av barnet sin rett til å uttale seg. Først ved tilgang på informasjon kan ein person også setje seg inn i kva han ynskjer uttale seg om. Gode rutinar for utøvinga av denne retten er viktig både for å sikre uttaleretten, og også barnet sin rett til vern mot vilkårlege inngrep i privatlivet, jf. barnekonvensjonen artikkel 16 (sjå over).

Venleg helsing

Camilla Kayed  
barnefaglig leder

Berit Landmark  
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk, og har derfor inga underskrift.